

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«1. Utval for kultur, idrett og integrering ønskjer å få opp gode framlegg til fylkesstein for Vestland.

2. Utvalet ber administrasjonen om ei sak i 3.kvartal 2021 med eit utval av interessante steinar , ut frå nokre hovudkriterier:

- Geologisk særpreg (t.d utsjånad, dannelsesmåte)
- Næringspotensial og miljøeigenskapar (bergindustri, verdiskaping, grønt skifte)
- Reiseliv og folkehelse (geoparkar, turløyper)
- Symbolverdi (nytt fylke, særskilt beliggenheit som bind saman Hordaland/Sogn og Fjordane)
- Historisk bruk (byggningsstein, spor i landskapet, dei lange linjene)

3. KULLII ser det som naturleg å involvere fylkestinget i ei eventuell avgjerdsle om fylkesstein for Vestland.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette på vegner av MDG, A, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser at det for Vestland fylke kan vera naturleg å velja nye fellessymbol, som til dømes ein ny felles fylkesstein.

Utvalet meiner likevel at slike kåringar bør skje på grunnlag av folkeleg engasjement og forslaga bør også vera etter innspel frå innbyggjarane i fylket. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje på det som riktig å bruka administrative ressursar på dette på noverande tidspunkt.»

Avrøysting

Strømmen sitt forslag fekk 13 røyster og vart vedteke mot 2 røyster (FNB, FRP).
Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB, FRP) og fall.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser at det for Vestland fylke kan vera naturleg å velja nye fellessymbol, som til dømes ein ny felles fylkesstein.

Utvalet meiner likevel at slike kåringar bør skje på grunnlag av folkeleg engasjement og forslaga bør også vera etter innspel frå innbyggjarane i fylket. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje på det som riktig å bruka administrative ressursar på dette på noverande tidspunkt.